







BREMANGER KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE			
Møtestad:	Formannskapsalen	Møtedato:	28.11.2012
		Frå kl. :	09:00
		Til kl. :	14:00
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :			
1. Harry Gulestøl, Skulevegen 9, 6723 Svelgen(Leiar)	Møtte:	Forfall:	Merknader :
3. Leni Lisæter, 6729 Kalvåg	X		Permisjon.
3. Leo Cirotzki, Lia 13, 6723 Svelgen. (Nestleiar)		x	
4. Inger Rise Hallset, Rise, 6723 Svelgen	X		
5. Rune Nordbotten, 6723 Svelgen.	X		
Personlege varamedlemmer :			
1. Joar Arøen, Krøvegen 30, 6723 Svelgen	Møtte:		Sak 25-28/12.
2. Are Kjelkenes, Kjelkenes, 6723 Sveigen.	x		
3. Anne Sofie Hauge Igland, 6727 Bremanger.			
4. Gjert Kåre Solheim, 6723 Svelgen.			
5. Sigrid Solheim, Kjelkenes, 6723 Svelgen			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Ordfører og rådmann får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.			
Andre som møtte :			
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Ordfører Vidar Martin Førde sak 25-28/12. KRYSS revisjon v/Trine Vokuhl.			
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :			
SAKLISTA I MØTET :			
Sak 025/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.			
Sak 026/12 Skriv og meldingar.			
Sak 027/12 Vurdering av kontrakt og habilitet i smb med kommunikasjon mellom KRYSS revisjon og forhandlingsutvalet i Bremanger.			
Sak 028/12 Overordna analyse.			
Sak 029/12 Plan for selskapskontroll.			
Sak 030/12 Oppfølgingsliste 4-2012 – merknader – Bremanger.			
UNDERSKRIFTER:			
 Harry Gulestøl (leiar)	 Joar Arøen (s)	 Inger Rise Hallset	 Are Kjelkenes
	 Rune Nordbotten	 Asgeir Tveit (sekretær)	

025/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

026/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2012	026/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 45-12 Retningsliner for oppfølging og avslutninga av tilsyn ved lovbrøt.
- SM 46-12 E-post til Bremanger kommune om førespurnad om svar til Fylkesmannen på tilsynsrapportar, datert 24.10.2012.
- SM 47-12 Bremanger kommune sitt tilsvaer til Fylkesmannen etter tilsyn med minoritetspråklege elevar i Bremanger kommune.
- SM 48-12 Kopi av brev frå KRYSS revisjon til Fylkesmannen med spørsmål kring kontrollutvalsfunksjonen, datert 02.10.2012.
- SM 49-12 Kopi av brev frå Fylkesmannen med svart til KRYSS revisjon om kontrollutvalsfunksjonen, datert 22.10.2012.
- SM 50-12 Kommunestyresak 094/12 Kryss revisjon – samarbeidsavtale Bremanger kommune.
- SM 51-12 Økonomirapport 2/2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Vedrørande SM 46-12: Det vert purra på tilsvaer frå Bremanger kommune til Fylkesmannen på rapport etter tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova, datert 28.06.2012.
- Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

**027/12 VURDERING OPPSEIINGSTID I AVTALE MELLOM BREMANGER
KOMMUNE OG KRYSS REVISJON OG HABILITET I SAMBAND MED
KOMMUNIKASJON MELLOM KRYSS REVISJON OG
FORHANDLINGSUTVALET I BREMANGER**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.11.2012	027/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Brev med vedlegg frå Sekom sekretariat til Fylkesmannen om vurdering av spørsmål kring tilhøvet mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune, datert 02.11.2012.
- E-post frå Fylkesmannen til Sekom sekretariat om vurdering av spørsmål kring tilhøvet mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune, datert 07.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram for kontrollutvalet utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Saksutgreiing

VURDERING OPPSEIINGSTID I AVTALE MELLOM BREMANGER KOMMUNE OG KRYSS REVISJON OG HABILITET I SAMBAND MED KOMMUNIKASJON MELLOM KRYSS REVISJON OG FORHANDLINGSUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 19.10.2012 fekk Sekom sekretariat følgjande oppdrag av kontrollutvalet i Bremanger:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet vurderer følgjande to spørsmål til neste møte i kontrollutvalet 28. november 2012.

1. Vurdere om KRYSS revisjon kan leggje ned sitt virke som følge av ei evt. oppseiing av avtalen.
2. Vurdere habiliteten til KRYSS revisjon overfor Bremanger kommune etter uttaler dagleg leiar har hatt på sida av brev frå styret i Kryss revisjon i kommunikasjon med Bremanger kommune.

Sekom sekretariat har sendt saka over til Fylkesmannen for uttale med følgjande framstilling av saka:

Kontrollutvalet i Bremanger kommune ynskjer å få vurdert to spørsmål kring tilhøvet mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune. Dette er nedfelt i følgjande vedtak i kontrollutvalet i Bremanger 19.10.2012:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet vurderer følgjande to spørsmål til neste møte i kontrollutvalet 28. november 2012.

1. Vurdere om KRYSS revisjon kan leggje ned sitt virke som følge av ei evt. oppseiing av avtalen.
2. Vurdere habiliteten til KRYSS revisjon overfor Bremanger kommune etter uttaler dagleg leiar har hatt på sida av brev frå styret i Kryss revisjon i kommunikasjon med Bremanger kommune.

Ad Spørsmål 1

a) Kontrollutvalet vil ha vurdert om KRYSS revisjon ved ei oppseiing av avtalen frå Bremanger kommune si side, kan leggje ned arbeidet før utløpet av oppseiingstida. Kopi av avtalen av 2.12.2004 samt vedtekter for KRYSS revisjon ligg ved.

b) Kontrollutvalet vil konkret ha vurdert om KRYSS revisjon ut i frå at dei føler misstillit p.g.a. spørsmål kontrollutvalet eller andre i Bremanger kommune stiller eller andre hendingar, og utan at kommunestyret eller kontrollutvalet har vendt seg til KRYSS revisjon og uttrykt misstillit gjennom brev eller annan korrespondanse, kan leggje ned revisjonsarbeidet for Bremanger kommune. Spørsmålet kan konkret relaterast til situasjon som oppstod då kommunestyret i Bremanger kommune gjorde følgjande vedtak i kommunestyresak 020-12 15.03.2012:

1. *Bremanger kommune seier opp avtalen om det interkommunale samarbeidet om revisjon med KRYSS – revisjon jmf. § 2 i gjeldande avtale.*

2. *Forhandlingsutvalet får i oppdrag å forhandle fram ein ordna avvikling av dagens ordning med KRYSS-revisjonen.*
3. *Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta kontakt med, og gå i forhandlingar med aktuelle tilbydarar av/for revisjonstenester.*
4. *Ferdig forhandla forslag frå forhandlingsutvalet om avtale skal gå til kontrollutvalet som gjev innstilling til kommunestyret i saka.*

Vedtaket vart svart opp med eit brev frå styret i KRYSS revisjon til Bremanger kommune v/ordførar. I brevet om revisor sitt virke overfor Bremanger kommune 19.03.2012 skriv Kryss revisjon bl.a., «Bremanger kommunestyre har i sak 020/12 sagt opp sitt eigarskap og si deltaking i den interkommunale samarbeidsavtalen og dei vedtekter som er for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord.

KRYSS Revisjon er lite komfortable med måten denne saka er handtert på og måten saka er kome opp på. Det manglar saksutgreiing og begrunnelse for det vedtak som er gjort i kommunestyret. Revisor kjenner argumentasjonen, det som vart sagt og dokument som er trekt inn i to sakshandsamingar i kontrollutvalet, høvesvis 27.02. og 01.03.2012.

I e-post av 16. d.m. har underteikna sendt svar til kommunen v/økonomisjefen, på førespurnad om særattestasjon, der det er gjeve melding om at revisor er ikkje i stand til å signere noko for kommunen no inntil dei juridiske sidene er klarert». Brevet ligg ved for ytterlegare detaljar.

Ytterlegare substans til at spørsmålet bør avklarast har kome til i etterkant av kontrollutvalsmøtet 19.10.2012. Etter avtale med kontrollutvalsleiar i Bremanger kommune er dette teke med i brevet til Fylkesmannen. Etter vedtak i kontrollutvalet om å stille dei spørsmål som vert stilt i dette brevet, har styret i KRYSS Revisjon gjort følgjande vedtak i møte 24.10.2012..

- «1. Samstyret tek innhaldet i orienteringa frå Styreleiar og Nestleiar i Samstyret til vitande.
2. Samstyret viser til brev av 23.03.12 frå Bremanger kommune om erklæring om tilfredsstillande revisjonstenester frå KRYSS revisjon.
3. KRYSS Revisjon kan ikkje leve med tvil om selskapet sin habilitet;- jfr. Vedtak i kontrollutvalet 19.10.12, sak 024/12 – om utføring av revisjonstenester overfor Bremanger kommune, og ber om at dette vert avklara umiddelbart og seinast innan den 07.11.2012.
4. Dersom Bremanger kommune vurderer at KRYSS revisjon ikkje er habil, vert alle revisjonstenester innstilt med øyeblikkelig virkning.» Saksutgreiing med vedtak i saka av 24.10.2012 og brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommunestyre av 25.10.2012 ligg ved for nærare detaljar.

Ad Spørsmål 2

I perioden mars 2012 til oktober 2012 har det pågått ein dialog mellom KRYSS revisjon v/styreleiar og nestleiar på den eine sida og Bremanger kommune v/forhandlingsutvalet på den andre sida om tilhøvet mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune. I samband med at det er blitt sendt brev frå styret i KRYSS revisjon til Bremanger kommune v/ kommunestyret og Bremanger kommune v/forhandlingsutvalet i Bremanger kommune, har dagleg leiar i KRYSS revisjon skrive epostar med eigne synspunkt i saka. I kontrollutvalsmøtet 19.10.2012 orienterte forhandlingsutvalet i Bremanger kommune om dialogen og opplyste at forhandlingsutvalet hadde som utgangspunkt at dialogen var mellom styret i KRYSS revisjon v/leiar og nestleiar og forhandlingsutvalet i Bremanger kommune.

Det vert her vist til:

- Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommunestyre v/ordførar om Revisorsaka i Bremanger – Bremanger kommune sitt eigarskap og deltaking det interkommunale revisjonssamarbeidet KRYSS revisjon, undertekna av styreleiar, datert 30.05.2012.
- E-post frå dagleg leiar i KRYSS revisjon til ordførar og rådmann i Bremanger kommune med overskrift «Bremanger kommune og KRYSS revisjon, datert 01.06.2012.
- Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune v/forhandlingsutvalet om Revisjonssamarbeid med KRYSS revisjon, undertekna av leiar og nestleiar i styret i KRYSS revisjon, datert 21.09.2012.
- E-post frå KRYSS revisjon med overskrift Innkalling kontrollutvalsmøte 19.10.2012 v/dagleg leiar til Sekom sekretariat med kopi til ordførar, varaordførar og rådmann.
- Møtebok samstyret KRYSS revisjon 24.10.2012.
- Brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommunestyre v/ordførar om KRYSS revisjon – samarbeidsavtale Bremanger kommune 25.10.2012.

Kontrollutvalet i Bremanger kommune vil ha vurdert følgjande spørsmål opp mot følgjande i forvaltningslova:

§2 e) part, person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.

Er dagleg leiar som også er noverande oppdragsansvarleg revisor i Bremanger kommune å sjå på som part i saka?

§ 6. (habilitetskrav).

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

a) når han selv er part i saken;

Gitt at dagleg leiar i KRYSS revisjon er part i saka;

Korleis vurderer fylkesmannen dei kommentarane og innspela som kjem fram i epostane nemnt ovanfor opp mot habilitetskravet?

Fylkesmannen har svar på brevet 2. november 2012. Same dag var det telefonsamtale mellom Sekom sekretariat og Fylkesmannen om saka. Fylkesmannen sitt svar følgjer:

Vi syner til e-post til Fylkesmannen 2. november, og til telefonsamtale i dag.

I spørsmål 2 vert det bedt om ei vurdering av om dagleg leiar/noverande oppdragsansvarlege revisor er ugild til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd ved at han sjølv er part i saka, jf. forvaltningslova § 6. Fylkesmannen kan ikkje gje eit konkret svar på spørsmålet. Vi kan berre gje generell rettleiing om regelverket som kan vere aktuelt.

Slik vi forstår det gjeld saka forholdet mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune. Vi har fått opplyst at Bremanger kommune har villa sagt opp avtalen med Kryss revisjon, men at dei seinare ombestemte seg. Oppseiinga skal ha kome på bakgrunn av at KRYSS revisjon

ikkje ville skifte oppdragsansvarleg. Vi legg derfor til grunn at Bremanger kommune skal treffe ei avgjerd som omhandlar dette forholdet.

Kontrollutvalet spør om dagleg leiar/oppdragsansvarleg er å sjå på som part i saka. Her må kommunen vurdere om avgjerda rettar seg mot dagleg leiar/oppdragsansvarleg, eller elles direkte gjeld han.

Vi viser også til at ein offentleg tenestemann også er utgild til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd dersom det føreligg «andre særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet», jf. fvl. § 6 andre ledd. Her skal det mellom anna leggjast vekt på om avgjerda i saken kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for han sjølv eller nokon som han har nær personleg tilknytning til.

Elles kan kommunen vurdere om det er dagleg leiar/oppdragsansvarleg som har ansvaret for å leggje til rette grunnlaget for avgjerda, eller er innspela på e-post sende av eige initiativ?

På telefon vart det nemnt at dagleg leiar/oppdragsansvarleg hadde vore med på å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd teke av styret i KRYSS revisjon. Her gjeld forvaltningslova sine føresegner om gildskap som elles.

Spørsmål 1 gjeld tolking av samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om revisjonstenester. Vi kan ikkje gje noko konkret svar på spørsmålet, men vi syner her til kommunelova § 27 (vår utheving):

§ 27. Interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid.

1. To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret¹ og fylkestinget¹ gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.

Kongen² kan gi pålegg om opprettelse av styre som nevnt i første ledd.

2. Vedtektene for det interkommunale styre skal inneholde bestemmelser om:

- a. styrets sammensetning og hvordan det utpekes,*
- b. området for styrets virksomhet,*
- c. hvorvidt deltakerkommunene skal gjøre innskudd til virksomheten,*
- d. hvorvidt styret har myndighet til å ta opp lån eller på annen måte pådra deltakerne økonomiske forpliktelser,*
- e. utreden fra eller oppløsning av samarbeidet.*

3. Den enkelte kommune og fylkeskommune kan i alle fall med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i det interkommunale samarbeid og kreve seg utløst av det. Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp, men ikke til mer enn verdien av de midler vedkommende kommune eller fylkeskommune har skutt inn.

Oppsigelse av avtale om interkommunalt styre kan bringes inn for departementet.² Departementet kan gi pålegg om at samarbeidet skal fortsette i et nærmere bestemt tidsrom eller inntil videre, hvor samfunnsmessige interesser eller hensynet til samarbeidende kommuner tilsier dette.

I førearbeida til lova står følgjande :

Første ledd innebærer at avtalen er oppsigelig med ett års varsel, selv om dette ikke er hjemlet i avtalen. Oppsigelsen kan imidlertid ankes inn for departementet etter tredje ledd. Departementet tar i så fall stilling til om samarbeidet skal fortsette. Ved departementets vurdering av om pålegg om fortsatt samarbeid bør gis, skal

det ikke bare legges vekt på økonomisk belastning og ulempe for den kommune eller fylkeskommune som ønsker å tre ut, men også på konsekvensene for de øvrige deltakere og for publikum.

Som det går fram av eposten frå Fylkesmannen, så kan Fylkesmannen ikkje gje konkrete svar på spørsmåla. Dei kan berre gje generell rettleiing om regelverket som kan vere aktuelt.

Under telefonsamtalen vart det stilt spørsmål kring samarbeidsavtalen mellom KRYSS revisjon og Bremanger kommune pkt. 13 – Tvistemål, som lyder såleis: Eventuelle tvistar med omsyn til tolking av vedtektene vert avgjort av Departementet/Fylkesmannen.

På spørsmål om ein kan sende saka over til Fylkesmannen om ein kjem i den situasjon at arbeidet vert lagt ned, stadfesta Fylkesmannen at det kan gjerast og at han evt. kan sende saka vidare til rett instans om Fylkesmannen ikkje er rett instans.

Sekretariatet sine vurderingar:

Fylkesmannen har opplyst at han ikkje kan svare konkret på spørsmåla som er stillte, men at han kan gje generell rettleiing. Det vil vere opp til kommunen og vurdere spørsmåla.

Som sekretariat for kontrollutvalet i Bremanger vurderer vi saka slik ut frå den rettleiinga Fylkesmannen har gjeve.

- 1 a) Kontrollutvalet vil ha vurdert om KRYSS revisjon ved ei oppseiing av avtalen frå Bremanger kommune si side, kan leggje ned arbeidet før utløpet av oppseiingstida.

Oppseiingstida på avtalen mellom Bremanger kommune og KRYSS revisjon er 12 månader. Dette følgjer av kml § 27 pkt. 3. Dette er i samsvar pkt. 2 i avtalen og pkt. 12 i vedtektene.

- 1 b) Kontrollutvalet vil konkret ha vurdert om KRYSS revisjon ut i frå at dei føler misstillit p.g.a. spørsmål kontrollutvalet eller andre i Bremanger kommune stiller eller andre hendingar, og utan at kommunestyret eller kontrollutvalet har vendt seg til KRYSS revisjon og uttrykt misstillit gjennom brev eller annan korrespondanse, kan leggje ned revisjonsarbeidet for Bremanger kommune.

Det er ikkje gjeve noko konkret svar på spørsmålet. Skulle situasjonen oppstå, vil saka kunne sendast Fylkesmannen i samsvar med § 13 i vedtektene.

- 2 a) Er dagleg leiar som også er noverande oppdragsansvarleg revisor i Bremanger kommune å sjå på som part i saka?

Det går fram av fvl § 2 e at part i saka er person som ei avgjersle rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld. Vi vurderer det slik at saka handlar om dagleg leiar/oppdragsansvarleg revisor, og at han såleis er part i saka.

2 b) Korleis vurderer fylkesmannen dei kommentarane og innspela som kjem fram i epostane nemnt
ovanfor opp mot habilitetskravet?

Vi vurderer det slik at dagleg leiar/oppdragsansvarleg revisor, trass dei kommentarar som kjem fram i e-postar som er nemnde i saka, ikkje med dette har vore med å leggje til rette grunnlaget for avgjerd i saka. Vi vurderer det slik både med omsyn til e-postane som er nemnde og i høve til den saksutgreiinga som ligg føre for styret i KRYSS-revisjon at dagleg leiar her utelukkande har hatt oppgåva med å ekspedere epostane og sakene, og at det er styreleiar for KRYSS revisjon som opptre som sakshandsamar.

028/12 OVERORDNA ANALYSE– BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Oversendingsbrev, datert 19.11.12
- Dokumentet «Overordna analyse for Bremanger kommune» med vedlegg, datert 26.10.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 026/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Bremanger kommune, datert 20. november 2012 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Bremanger kommune, datert 20. november 2012 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

OVERORDNA ANALYSE– BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestoområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 026/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kryss revisjon.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

Kryss revisjon har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert 20.11.2012. Kryss revisjon presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i neste møte. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – 2016 Bremanger kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:

029/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.11.2012	29/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Bremanger kommune 2012 – 2016" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kommunestyrevedtak 082/12 Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012.

Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Bremanger kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Planen for selskapskontroll i Bremanger kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.
2. Kommunestyret prioriterer å få gjennomført eigarskapskontroll i Firda Billag AS.

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Bremanger kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Bremanger kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

030/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	28.11.2012	030/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 4-2012 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Neste møte vert sett til måndag i veke 9 i 2013.
- Oppfølgingslista 4-2012 Bremanger vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 20.11 2012

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals- arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrap- port Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
26/11 Overordna analyse	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS 07.02.12 Brev frå KRYSS til Bremanger k
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørande innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
007/12 Oppfølgingsliste 1 – 2012 – merknader – Bremanger kommune	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU – 2 Vedrørande val av forvaltningsrevisjon, så blir val av revisjonsprosjekt utsett til kommunestyret har vedteke Plan for forvaltningsrevisjon.
011/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	29.05.12		29.05.12 Vedtak KU – - Leiar er inhabil i sak 14-15/12. - Sak 18/12 vert flytta først på lista. - Under skriv og meldingar vert det teke opp at ein kalla inn 1. varamedlem fast. 29.05.12 E-post til utvalsmedlemene om at 1. vara må møte som fast medlem medan ein fast medlem har permisjon eitt år, samt at det blir fast ordning at 1. vara møter fast. I tida då ein av dei faste medlemene har permisjon, møter 2. vara fast. 10.10.12 Brev til Bremanger kommune om evt. suppleringsval til kontrollutvalet grunna permisjon.
020/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	19.10.12		19.10.12 Vedtka KU – Godkjent.
021/12 Skriv og meldingar	19.10.12		19.10.12 Vedtak KU – - Kontrollutvalet oppmodar

			<p>administrasjonen om at det i saker der kontrollutvalet har uttalt seg vert skrive i saksdokumenta som går til kommunestyret at sakene har vore til kontrollutvalet for uttale.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet ber om å få tilsendt tilsvara Bremanger kommune har gjeve Fylkesmannen etter tilsynsrapportane etter tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen skuleåret 2011/12 av 11.05.2012 og tilsynsrapport etter lov om barnehagar av 28.06.2012. - Kontrollutvalet tek til vitande at FHU rapporterer resultatet av sitt arbeid rundt revisorsaka til kommunestyret. - SM 43-12 vert utsett til neste møte. - Kontrollutvalet tek resterande skriv og meldingar til vitande.
Sak 22/12 Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet.	19.10.12		19.10.12 Tilråding til kst. 24.10.12 s. Bremanger kommune.
Sak 23/12 Plan for selskapskontroll 2012 - 2016	19.10.12		19.10.12 Vedtak KU – Utsett til neste møte.
Sak 24/12 Oppfølgingsliste 3-2012 merknader - Bremanger	19.10.12		<p>19.10.12 Vedtak KU - Oppfølgingsliste 3-2012 Bremanger vert teken til vitande.</p> <p>Kontrollutvalet ber om at sekretariatet vurderer følgjande to spørsmål til neste møte i kontrollutvalet 28. november 2012.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vurdere om KRYSS revisjon kan leggje ned sitt virke som følge av ei evt. oppseiing av avtalen. 2. Vurdere habiliteten til KRYSS revisjon overfor Bremanger kommune etter uttaler dagleg leiar har hatt på sida av brev frå styret i Kryss revisjon i kommunikasjon med Bremanger kommune.

Oppdatert 20.11.12.